Radøy kommune
Teknisk forvaltning

Stevnebø Byggevare AS
Bøvågen
5937 Bøvågen

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Silje Haukedal | 05.11.2019 |
| Vår: 18/569 - 19/16013 | silje.haukedal@radoy.kommune.no | |

# Byggesak Gbnr 45/471 Manger - einebustad - Ferdigattest

Delegasjonssak nr.: 297/2019

**Administrativt vedtak. Saknr: 297/2019**
**Tiltakshavar:** Stevnebø Byggevare AS
**Ansvarleg søkjar:** Hammar-Kameratane AS
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 20.03.2018. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 15.10.2019.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Langhøyane 77 |
| Bygningstiltak: | Einebustad |
| Bygningsnummer: | 300704986 |
| Bruksareal: | 185 m2 + 56 m2 parkering |
| Avlaup: | Offentleg |
| Vatn: | Offentleg |
| Tal på røykløp: | 1 |

**VEDTAK**:
Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for einebustad på gbnr 45/471.
Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/569

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt leiar teknisk forvaltning Silje Haukedal.

Med helsing
Silje Haukedal
konst. leiar teknisk forvaltning

Silje Haukedal
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hammar-Kameratane AS | Hella 60 | 5936 | Manger |
| Stevnebø Byggevare AS | Bøvågen | 5937 | Bøvågen |